



**Evje og Hornnes kommune**

Rådmann/Administrasjon

## **Administrativt vedtak**

**Sak nr. 7/12**

Kunnskapsdepartementet

Vår ref:  
2012/51-2

Sakshandsamar:  
Line Håberg Løvdal ☎ 37 93 23 22  
E-post: line.loevdal@e-h.kommune.no

Arkivkode:  
A00

Dato:  
25.01.2012

## **Høringsuttale - framlegg til lov og forskriftsføresegner om bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling i ikkje-kommunale barnehagar**

### **SAKSUTGREIING**

#### **Bakgrunn for saka**

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring framlegg til føresegner om bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling i ikkje kommunale barnehagar. Framlegget omfattar:

- endringar i barnehagelova: Ny §14a om krav til bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling, ny §16a om økonomiske reaksjonsmidlar og endringar i § 16 om tilsyn
- Ny økonomiforskrift til barnehagelova
- Endringar i forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlege tilskot

#### **Hovudinnhald i forslaget er**

1. Ein ny lovbestemming i barnehagen som fastslår at offentlig tilskot og foreldrebetaling skal komme barna i barnehagen til gode.
2. Barnehagar kan behalde overskot dersom:
  - a. Barnehagen kan dokumentere at offentlig tilskot og foreldrebetaling blir nytta i tråd med formålet. Midlane skal dekke bare kostnader direkte relatert til drift av barnehagane. Regnskapa skal attesteras av revisor.
  - b. Alle kjøp av varer og tenester frå kjente priser som ikkje er høgare enn tilsvarande kjøp frå framande (dvs. marknadspris)
  - c. Personalkostnader per heiltidsplass ikkje er vesentleg lågare enn det kommunen har i sine barnehagar.
3. Unntak frå revisorattestasjon: Barnehageeigarar som saman med nærstående kontrollerar ordinære barnehagar med til saman færre ein 20 barn eller

familiebarnehagar med til saman færre enn 10 barn eller ein open barnehage, kan i staden for revisor velje ein uavhengig regnskapskyndig til å attestere rekneskapet.

4. Ei ny lovheimel som gir kommunen fleire reaksjonsmiddel ved brot på dette regelverket. Kommunen kan både halde tilskot tilbake, redusere neste års tilskot og krevje pengar tilbakebetalt.
5. Ein ny økonomiforskrift for ikkje-kommunale barnehagar. Forskrifta inneber ei nærare presisering av dei føreslåtte lovbestemmingane.

Høringsuttale frå Evje og Hornnes kommune er handsama i administrativt vedtak, og utarbeid i samarbeid med økonomisjef og pedagogisk rådgjevar.

### **Formelt grunnlag**

Lov om barnehage

Delegasjonsreglement for Evje og Hornnes kommune

### **Samandrag/konklusjon**

Rådmannen har i medhald av delegert fullmakt gitt i kommunestyret fatta følgjande vedtak til høringsuttale

#### **VEDTAK :**

Evje og Hornnes kommune har følgjande merknader til høyringa:

Evje og Hornnes kommune støtter endringar i barnehageloven og forskrifta som tydeleggjer at offentlege tilskot og foreldrebetaling skal kome barna i barnehagen til gode.

Kommunen ynskjer at departementet sett ei rettleiande prosentvis grense for maksimalt utbytte i forhold til omsetning eller mottatt offentlig støtte. Dette vil hindre ulik tolking av regelen frå kommune til kommune, og mellom fylkesmenna.

Når det gjelder tilsyn med barnehagar er ordninga per i dag med heimel i barnehageloven § 16. Reglane er ikkje utforma slik at kommunen kan føre økonomisk tilsyn med barnehagane, og eit slikt regelverk må utarbeidas med klare retningsliner for korleis kommunen skal utføre dette og kva innhald i tilsynet skal omfatte.

Kommunen støtter forslaget om at årsrekneskap skal attesterast av revisor, og ønskjer at dette gjeld for alle barnehagane uavhengig av størrelse.

Evje og Hornnes kommune ser at oppgåvene for kommunen i forhold til finansiering og økte kontrolltiltak med denne, vil vere av eit slikt omfang at det vil krevje auka ressursbruk og økonomikompetanse i kommunen.

Med helsing

Evje og Hornnes kommune



Jens Arild Johannessen  
rådmann